

# BAKSIDA

**TIPS OSS! 916 20 916**

nordhordland.no

Send gjerne bilde, tekst og video frå der du er. E-post: [redaksjonen@nordhordland.no](mailto:redaksjonen@nordhordland.no)

Tlf: 56 35 55 55 Tipstelefon: 916 20 916. SMS/MMS: NHTIPS til 2005

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.

Fullt hus med sjø og seilas som tema

## Ramsalt korkafé



**JUBILANT:** Songlaget Alvidt Manger er 30 år i år, og skal markere dette med ein jubileumsfest den 4. november.

ALLE FOTO: PRIVAT

**Songlaget Alvidt/  
Manger laga til ein  
innhaldsrik korkafé  
med sjø og seilas som  
tema.**

KARIN MONSTAD/INNSENDT  
[redaksjonen@nordhordland.no](mailto:redaksjonen@nordhordland.no)

Det var fullt rundt borda og stor stemning då Songlaget Alvidt/Manger laga til Ramsalt korkafé på Knarvik ungdomsskule laurdag.

Koret hadde lagt opp til eit variert program, der dei musikalske innslaga handla om seilas og sjø, enten det var viser, pop eller meir klassisk korrepertoar.

Dei skarpaste orda under heile kaféen fall nok då bestyrerinden på gamlehjemmet ville snakka til rette Johansen, han med den slitne genseren. Men han hadde vore ute ei stormnatt før!



**FULLT:** Det var fullt rundt borda på Knarvik ungdomsskule laurdag.

### Kor mykje er ei «koka»?

Dette var eit arrangement under kystsogeveken, og som seg hør og bør når det er korkafé i fjordstrøka innanfor, var det både fisk og spekemat på menyen, med flatbrød, heimelaga potetsalat og eggerrøre attåt.

Ein kjapp kviss vart det også

tid til i matpausen, så no veit alle som var der, kor mykje «ei koka» er.

Ragna og Signy hadde rive seg laus frå plommeprautkinga og stavra seg inn på ungdomsskulen med rullatorene i første gir. Dei hadde sitt å seia om ymse hendingar i tida, mel-



**MODNE:** Ragna og Signy hadde mykje å seie om aktuelle saker.

lom anna kommunesamanslåinga, alt sett gjennom augene til to modne damer idnifrå Østerfjorden.

### Tankar frå naustet

Arne Høyland delte tankar frå naustet med oss og fortalte forvitneleg om kva havet og sjøen

betydde for folk på våre trakter og korleis dei utnytta ressursane. Han song også om Havmannen, og inviterte koret med på ein av dei ferskaste visene sine, «Verdas lykligaste land», som dirigenten for Alvidt/Manger, Tone Lise Moberg, har arrangert.